

# REVIDERTE VEDTEKTER FOR VESTLANDSRÅDET

(Forslag til revisjon 22.1.2014)

## § 1 Føremål

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene
- fremje andre politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Samarbeid om enkeltprosjekt skal som hovudregel gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

Samarbeidet er regulert gjennom vedtekne vedtekter som er i samsvar med krav i kommunelova § 27 og ein eigen samarbeidsavtale som gir det politiske grunnlaget for samarbeidet.

## § 2 Rettsleg grunnlag

Vestlandsrådet er eit interfylkeskommunalt samarbeidsråd oppretta med heimel i Kommunelova § 27, og er drive av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

Vestlandsrådet er ikkje ei sjølvstendig juridisk eining.

## § 3 Forhold til fylkeskommunane

Vestlandsrådet blir etablert og drive innanfor rammene til det fylkeskommunale forvaltningsnivå gjennom overført mynde frå fylkestinga i dei deltakande fylkeskommunane, og rammer fastsette av sentrale styresmakter i lov og forskrifter.

Dei deltakande fylkeskommunane skal bli orienterte om rådet sitt arbeid. Årsmelding og budsjett til Vestlandsrådet går til fylkeskommunane til orientering.

## § 4 Samansetjing

Vestlandsrådet har 5 medlemer med varamedlemer frå kvar av dei deltakande fylkeskommunane som blir valde av og frå fylkestinget sine medlemer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vere mellom medlemene i rådet.

Medlemer og varamedlemer vert oppnemnde av dei respektive fylkeskommunane for den fylkeskommunale valperioden.

## § 5 Leiarvervet og arbeidsutval

Leiarvervet skal alternere mellom fylkesordførarane i dei deltakingande fylkeskommunane med periodar på eit år av gangen. Rådet kan avvike dette dersom det er særlege grunnar, t.d. for å tilpasse leiarskapen fylkestingsval.

Fylkesordføraren i neste leiarskapsfylke er nestleiar for rådet.

Rådet har eit arbeidsutval (AU) som har dei fire fylkesordførarane som medlemmar.

## **§ 6 Eksterne samarbeidspartar**

Rådet må sikre ei god samhandling med eksterne samarbeidspartar. Rådet kan opprette permanente eller mellombelse kontaktorgan med eksterne samarbeidspartar.

## **§ 7 Oppgåver og vedtaksmynde**

Som styre med heimel i Kommunelova si § 27 gjer Vestlandsrådet vedtak med endeleg og bindande verknad med vanleg fleirtalsavgjerd i følgjande saker:

- a. Rådet kan på eige initiativ uttale seg om spørsmål av felles interesse for fylkeskommunane. Dette gjeld også høyringssaker. Rådet kan sjølv avgjere om saka i tillegg krev uttale i dei einskilde fylkeskommunane.
- b. Rådet har avgjerdsmynde på dei områda der fylkestinga har delegert mynde til rådet, jf. § 8 eller når statlege styresmakter har overført oppgåver til rådet.
- c. Rådet vedtek fordeling av midlar innafor eiga budsjett, jf. § 8.
- d. Organet kan på eige initiativ vedta å setje i verk utgreiingar og planarbeid, så framtidig dette ikkje er i strid med anna planarbeid i fylkeskommunane.
- e. Rådet vedtek handlingsplanar og andre planar og utgreiingar som rådet tek initiativ til. Slike dokument skal gå til dei fire fylkeskommunane til uttale før endeleg vedtak i rådet.
- f. Rådet kan innafor eige budsjett vedta og gjennomføre utviklingsprosjekt av felles interesse for to eller fleire av dei deltakingande fylkeskommunane.

## **§ 8 Sakshandsaming**

Kommunelova sine reglar gjeld for rådet si verksemd og sakshandsaming så langt ikkje noko anna er fastsett i vedtektene her.

Rådet gjer vedtak i møte. Det skal førast møtebok over forhandlingane. Møta i rådet er opne om ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt eller andre reglar gjevne i eller medhald av lov.

Leiaren i rådet kallar inn til møte til dei tidspunkt rådet sjølv har fastsett. Som hovudregel bør det haldast minst tre møte i året. Elles vert møte halde når leiaren finn det påkravd eller når minst 1/4 av representantane i rådet krev det.

Leiaren set opp sakliste for det einskilde møtet. Saklista og andre dokument skal vere tilgjengeleg for ålmenta, under dette på Internett, med mindre dei er unnateke frå offentleggjering. Møtetid, møtestad og sakliste skal gjerast kjent for ålmenta på høveleg måte.

Innkalling med sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast rådsmedlemene minst ei veke før møtet.

Møta blir leia av fylkesordføraren i fylket som har leiarskapen, jf. § 4. Ved fråver skal nestleiaren leie møtet.

### **§ 9 Sekretariat**

Sekretariatet er set saman av eit medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane og blir leia av ein dagleg leiar. Medlemmene av sekretariatet er sekretariatsleiarens «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane.

Fylkesrådmennene i dei deltakande fylkeskommunane deltek i saksførebuinga for rådet.

Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehar leiarvervet, har innstillingsrett til rådet. Dagleg leiar må forholde seg til fylkesrådmannen i leiarfylket.

Fylkesrådmennene har møterett i rådet.

### **§ 10 Budsjettemynde**

Rådet gjer vedtak om sitt eige budsjett innafor ramma av dei tilskota som vert løyvde av fylkestinga. Rådet sitt budsjett blir lagt fram for fylkestinga til orientering.

Dei til ei kvar tid gjeldande budsjett- og rekneskapsforskriftene for fylkeskommunane gjeld også for rådet. Rådet kan omdisponere innafor eige budsjett.

Rekneskapen til rådet vert ført av fylkeskasseraren og revidert av fylkesrevisjonen i x fylkeskommune.

### **§ 11 Finansiering av rådet sin aktivitet**

Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik:

- a. Eigne driftsutgifter til deltaking i organet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune.
- b. Leiarskapet i rådet blir dekkja av fylkeskommunen som har leiarskapet av Rådet.
- c. Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar av driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv

gje framlegg om storleiken på dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkje 1/4 av desse utgiftene.

- d. Utgifter til einskildprosjekt blir fordelte i kvart einskild tilfelle knytt til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking i prosjekta.

### **§ 12 Endring av vedtekter**

Endringar i desse vedtektene må vedtakast av fylkestinga i alle dei deltakande fylkeskommunane. Vestlandsrådet skal uttale seg før handsaming i fylkeskommunane.

### **§ 13 Endring av samarbeidsavtale**

Endringar i samarbeidsavtalen kan gjerast av Vestlandsrådet sjølv etter at denne først er sendt medlemsfylka til uttale.

### **§ 14 Oppseiing av samarbeidet**

Fylkestinget i eitt av dei deltakande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval. I eit slikt høve gjeld § 27 i Kommunelova.

### **§ 15 Iverksetjing**

Rådet blei oppretta med verknad frå 1.1.2003.